
Vår referanse 2021/6831-4
Dato 29.03.2021

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE) REGION VEST
Naustdalsvegen 1B
6800 FØRDE

Fråsegn til søknad om løyve til å byggja Smådalselva kraftverk i Samnanger kommune

Viser til brev av 01.03.2021 med søknad om løyve til å bygge Smådalselva kraftverk på Tysse i Samnanger kommune. Vestland fylkeskommune, ved Lars Øyvind Birkenes på seksjon for kulturarv, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne frå nyare tid som vert råka av ei eventuell utbygging i det aktuelle planområdet. Det er kjent tre felt med busetnadsspor som truleg skriv seg frå bronsealder eller jernalder nokre hundre meter nord og nedanfor planlagt stasjonsområde. Det er og kjent krigsminne i same området der næraste er eit tunnelanlegg vel 120 meter NNA for stasjonsområdet. Som nemnt er det ingen av desse som vert råka av ei eventuell utbygging. Det er heller ikkje særleg potensial for funn langs røyrгатетraséen opp til dam. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Vestland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltak skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef

Bjørnar Tjoflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift

Kopi til:

SAMNANGER KOMMUNE

Tyssevegen 217

STATSFORVALTAREN I
VESTLAND

Njøsavegen 2

